

Alver kommune

Bergen, 29. mars 2020

Søknad om løyve til helikoptertransport til turlagshytta Kalvedalen i Alver kommune

Bergen og Hordaland Turlag vil med dette søkje om løyve til helikoptertransport til turlagshytta Kalvedalen i Alver kommune. Utflyging er planlagt frå Kvingedal i Alver, og me planlegg å bruke Airlift til oppdraget. Sjå vedlagt kart.

Me har ei årleg forsyning av proviant, ved, gass og anna naudsynt utstyr til turlagshyttene, og returnerer samtidig avfall og tomgods. Det er i praksis ikkje mogeleg å frakta inn desse varene utan bruk av helikopter.

I 2020 er transport planlagt til laurdag 13. juni, med søndag 14. og helga etter som reserve dersom det ikkje er forhold for helikopterflyging denne helga. Me har mange frivillige plassert på hytta og ved utflygingsstaden, og det er vanskeleg å få nok frivillige dersom me ikkje kan ta transporten ei helg.

Dersom situasjonen med koronavirus fører til at me ikkje kan ha transport dei nemnde helgane, vil me be om fleksibilitet til å flyge seinare på sommaren eller når situasjonen har normalisert seg. Dette er einaste forsyninga til hyttene, og proviant, ved og gass skal vare heilt til neste sommar så me er avhengig av årleg påfyll.

Dersom grunneigarar og hyttenaboar i området vil hengje seg på med transport av varer til sine hytter opnar me opp for det.

Av miljø- og kostnadshensyn vil me minimere talet på hiv, men for eksempel våt ved eller mange varer for grunneigarar kan føre til større transportbehov år.

Ta gjerne kontakt for meir informasjon.

Beste helsing

Per Arne Aadland
Hyttedrift og organisasjon
Bergen og Hordaland Turlag
per.arne.aadland@dnt.no
Direkte telefon: 92 84 88 44

Bergen og Hordaland Turlag

